

Bacheloroppgåve

Kathrine Tranøy

Engelske kalkeringar i norsk språk

Betydninga av intensiv eksponering for engelsk i tidleg alder

Bacheloroppgåve i nordisk for lektorstudentar

Rettleiar: Kristin Melum Eide

Juni 2021

Kathrine Tranøy

Engelske kalkeringar i norsk språk

Betydninga av intensiv eksponering for engelsk i
tidleg alder

Bacheloroppgåve i nordisk for lektorstudentar
Rettleiar: Kristin Melum Eide
Juni 2021

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

Samandrag

Engelsk er eit språk som har fått stor innverknad på det norske språksamfunnet, noko som kjem til uttrykk gjennom språklege lån frå engelsk til norsk. Denne bachelor-oppgåva tek for seg indirekte lån i form av *kalkeringar*. Anne-Mette Sunde (2019) har funne støtte for at slike lån ser ut til å auke med auka eksponering og kompetanse i språket. Eg byggjer på dette ved å sjå på korleis intensiv eksponering for engelsk i tidleg alder kan føre til auka aksept og bruk av kalkeringar. Oppgåva tek utgangspunkt i Sunde og Kristoffersen (2018) sin akseptabilitetsstudie som undersøkjer aksept og produksjon av kalkeringar på tvers av alder. Deira metode blir nytta på ein simultant tospråkleg informant med norsk og engelsk som morsmål, for å sjå korleis slik språkblanding arter seg når ein har morsmålskompetanse i begge språk. Bakgrunnen for dette er at engelske kalkeringar er observert i informanten sin spontane tale. Resultata viser at ho aksepterer relativt få kalkeringar i forhold til Sunde og Kristoffersen sine informantar, men produserer fleire i omsetjing frå engelsk til norsk. Dette blir forklart ved hjelp av Matras sin repertoarteori og Ullman sitt minnesystem. Til slutt i oppgåva argumenterer eg for at norske språkbrukarar sin språksituasjon blir meir lik situasjonen til min informant, som kan indikere at fleire kalkeringar vil bli spreidd og etablert i det norske språket.

Innhold

Samandrag	1
1 Innleiing.....	3
1.1 Aktualisering	3
1.2 Inspirasjon og grunnlag.....	4
1.3 Opgåvestruktur	5
2 Metode/empiri	5
2.1 Akseptabilitetstest og språktest.....	5
2.2 Informanten.....	7
2.3 Styrkar og svakheitar med metoden.....	7
2.3.1 Utval	7
2.3.2 Metoden	7
2.4 Resultat.....	8
2.4.1 Akseptabilitetstesten.....	8
2.4.2 Engelsktesten	8
3 Teori	10
3.1 Universalgrammatikken og Matras' repertoarteori	10
3.2 Kritisk periode for språkinnlæring og Ullmans minneteori.....	11
4 Analyse/diskusjon.....	12
4.1 Kalkeringar hos min tospråklege informant	12
4.1.1 Eit repertoar av norsk og engelsk	12
4.1.2 Testresultata – Større produksjon enn aksept av kalkeringar	13
4.2 Overføring til det norske språksamfunnet.....	16
4.2.1 Eit tospråkleg Noreg – større balanse mellom norsk og engelsk i repertoaret	16
4.2.2 Spreiing og etablering av kalkeringar i det norske språket	17
5 Oppsummering og avslutning.....	18
Referanseliste.....	20
Vedlegg	21
Vedlegg 1 - akseptabilitetstest.....	21
Vedlegg 2 - språktest.....	25

1 Innleiing

1.1 Aktualisering

Verda blir stadig meir voven saman økonomisk, kulturelt og politisk, og eit felles språk for kommunikasjon er nødvendig. Engelsk har vakse fram som eit slikt språk, også omtala som *lingua franca*, og blir i aukande grad nytta innanfor domene som vitskap, teknologi, industri, næringsliv og finans (Sunde, 2019, s. 5-6). Det har også fått ei stadig større rolle i dagleglivet gjennom Internett, TV, radio, sosiale medium osb. Engelsk har difor gått frå å bli tileigna formelt på skulen som framandspråk, til å bli tileigna meir uformelt gjennom språkkvarden. Vi les og hører språket, og uttrykkjer oss på det gjennom tale og skrift. Dette blir omtala som hovesvis reseptive og produktive ferdigheter (Engen & Kulbrandstad, 2004, s. 26). Sunde (2019, s. 10) meiner difor engelsk no er i ein mellomposisjon mellom framandspråk og andrespråk. Det kan sjå ut som språket særleg får større rolle som andrespråk blant yngre språkbrukarar, då dei blir eksponert for engelsk frå stadig tidlegare alder. Lærarar over heile landet seier at engelsk er ein så stor del av elevane sin kvardag at dei må minnast på å snakke norsk, og det er ikkje uvanleg at norske ungdommar snakkar engelsk med norske venner (Korsnes et al., 2021). Engelsk har altså blitt ein stor del av det norske språksamfunnet.

Når fleire språk blir nytta i eit språksamfunn, oppstår det ofte språkblanding og språkpåverknad mellom andrespråk og fyrstespråk. Påverknaden som skjer frå engelsk, blir kalla *anglifisering*. Språkbrukarane nyttar *anglismar*, som er eit samleomgrep for engelske lån i andre språk (Sunde, 2019, s. 22). Desse låna kan ein grovt skilje mellom *direkte* og *indirekte* lån (Sunde, 2019, s. 23). *Direkte lån* nyttar kjeldespråket sin fonologi og/eller ortografi. Etablerte direkte lån i det norske språk er ord som *pizza* og *tøff* (Sunde, 2018, s. 5). *Indirekte lån* omfattar lån som blir attgjevne med norske ordformer eller morfem, og Anne-Mette Sunde (2019, s. 23) deler denne forma for lån inn i *tydingslån* og *kalkeringar* (omsetjingslån). Tydingslån refererer til norske ordformer som har fått endra semantisk innhald etter påverknad frå ein (ofte overlappande) engelsk ordform. Døme på dette er *album*, som har gått frå tydinga *bilete- og frimerkealbum* til å også bety *musikkalbum*. *Kalkeringar* er ord eller uttrykk som er omsett frå kjeldespråket til låntakarspråket, ofte ord-for-ord. *Ta av* frå «take off» (flyet tar av) og *sitte på gjerdet* frå «sitting on the fence» er veletablerte døme (Sunde, 2018, s. 20). Nokre nyare døme er *stå ut* frå «stand out», *ta vare* frå «take care» og *gjett kva* frå «guess what» (Sunde, 2018, s. 24).

Forsking på engelsk påverknad på norsk er viktig for å sjå kva endringar som skjer i språksamfunnet vårt. I språkforskinga er det direkte lån i leksikonet (ordtilfanget) som har blitt via mest fokus, då det er mest mottakeleg for påverknad (Sunde, 2019, s. 14). Forskinga har derimot via mindre interesse for *indirekte lån* (Sunde, 2019, s. 20). I si doktorgradavhandling argumenterer Anne-Mette Sunde (2019) for at slike låntypar er i vekst, då det blir meir utbreidd med auka kontakt og auka kompetanse i engelsk. Dette får støtte i MazKenzie (2012): "As the number of multicompetent L2 users of English in Europe grows, their L1s - and not just the lexis - are probably being slightly Anglicized" (i Sunde, 2019, s. 22).

1.2 Inspirasjon og grunnlag

Denne bacheloroppgåva byggjer på Anne-Mette Sunde si overordna hypotese frå doktorgradsavhandlinga: *Auka kompetanse og eksponering for engelsk fører til nye typar lån frå engelsk i norsk* (Sunde, 2019, s. 2). I ei av studiane presentert i doktoravhandlinga, *Effects of English L2 on Norwegian L1* (2018), blir det undersøkt om auka engelskkompetanse fører til auka aksept og produksjon av kalkeringar i norske setningar (Sunde, 2019, s. 76-79). Dette gjorde dei gjennom ein test kor deltarane skulle vurdere akseptabiliteten til setningar med kalkeringar, i tillegg til ein språktest med ein omsetjingsdel med potensielle kalkeringar. Deltatarane var ei elevgruppe frå vidaregåande, og to kontrollgrupper beståande av ei gruppe engelskkompetente (gjennomsnittsalder 55 år) og ei gruppe relativt einspråklege (gjennomsnittsalder 75 år). Elevgruppa delte dei i tre etter engelskkompetanse (låg, middels, høg). Funna deira var overraskande: Av elevgruppa godtok og produserte dei med lågast engelskkompetanse flest kalkeringar, medan dei med høgast engelskkompetanse godtok og produserte færrest. Dei fann likevel at elevgruppa generelt aksepterte og brukte fleire kalkeringar enn begge kontrollgruppene.

Resultatet fekk meg til å tenkje på mi tospråklege venninne med norsk og amerikansk som morsmål. Ho har tilnærma lik kompetanse i begge språka, og kan difor reknast som balansert tospråkleg (Engen & Kulbrandstad, 2004, s. 29). Til tross for høg kompetanse i engelsk viser ho likevel fleire teikn på språkblanding - særleg i form av kalkeringar. Til dømes kan ho seie at ho har ein song *fast på hovudet* («stuck in my head»), eller at vi må *snakke det ut* («talk it out»). Nokre ytringar har også vore meir uheldige, som den gongen ho sa at kjærasten *sovna inn* («slept in»). Dette går i mot Sunde og Kristoffersen (2018) sine funn kor dei med høgast

engelskkompetanse blant elevane blandar minst. Eg valde difor å kjøre dei same testane dei brukte på venninna mi, for å sjå korleis ho skårar i forhold til Sunde og Kristoffersen sine informantar. Sidan ho openbart bruker kalkeringar i spontan tale, var hypotesen min at ho ville godta og produsere fleire kalkeringar enn dei.

Det er interessant å sjå korleis språkblanding går føre seg hos ein balansert tospråkleg person i forhold til det norske språksamfunnet, då engelsk i stadig større grad blir eit andrespråk nordmenn lærer i tidleg alder. Ein kan anta at språkmiljøet vi veks opp i blir meir likt miljøet til dei balansert tospråklege. Ved å sjå på korleis språkblanding skjer hos min informant, kan ein få ein peikepinn på korleis fenomenet vil arte seg etter kvart som engelsk får større plass i samfunnet. Min problemstilling er dermed:

Korleis kan intensiv eksponering for engelsk i tidleg alder føre til auka aksept og bruk av kalkeringar?

1.3 Oppgåvestruktur

For å svare på problemstillinga skal eg først nytte metodane i Sunde og Kristoffersen (2018) sin studie «Effects of English L2 on Norwegian L1» på informanten min for å sjå om hypotesen min om at ho vil akseptere og produsere fleire kalkeringar stemmer. Denne blir presentert i eit metode/empiri-kapittel, som i tillegg presenterer informanten, diskuterer metoden og viser resultata frå testen. Vidare presenterer eg relevant teori: Teorien om universalgrammatikken, Matras repertoarteori, kritisk periode for språkinnlæring og Ullmans minnesystem-teori. Dette dannar bakteppet for analyse/diskusjonsdelen, som er todelt. Første del analyserer resultata frå testen på min informant opp mot teoriane. Andre del ser på desse resultata opp mot det norske språksamfunnet generelt. Her argumenterer eg for at norske språkbrukarar blir meir balansert tospråklege og prosesserer språk meir likt som simultant, balanserte tospråklege, og at kalkeringar difor blir spreidd. Til slutt samlar eg trådane og ser på oppgåva med eit kritisk blikk i ein oppsummering/avslutningsdel.

2 Metode/empiri

2.1 Akseptabilitetstest og språktest

Metoden nytta i denne oppgåva er henta frå Sunde og Kristoffersen (2018). Dei testa kor akseptert og utbreidd engelske kalkeringar er ved hjelp av to testar. I den første testen skulle

deltakarane rangere akseptabiliteten til norske setningar med kalkeringar. Den andre testen testa engelskdugleikar ved hjelp av grammatikk-, omsetjings- og forståingsoppgåver.

Akseptabilitetstesten består av 100 testsetningar, der 12 av dei inneheld engelske kalkeringar (sjå vedlegg 1). Informantane skal rangere kor akseptable setningane er på ein skala frå 1 til 4 (vedlegg 1). Setningar rangert med 1 og 2 blir tolka som ikkje akseptert, medan 3 og 4 blir tolka som akseptert. Kalkeringane nytta i setningane er ikkje-etablerte og relativt nyoppdaga. Dei finst ikkje i norske ordbøker, men har blitt observert skriftleg og munnleg i TV, radio, nyheitsartiklar og nettannonser (Sunde & Kristoffersen, 2018, s. 281). Etablerte lån er ikkje inkludert i testen, då målet er å sjå korleis engelskdugleikar påverkar akseptabiliteten. Eit unntak er kalkeringen *komme opp med*, som finst i bokmålsordboka (Sunde & Kristoffersen, 2018, s. 281). Tabell 1, henta frå Sunde og Kristoffersen (2018, s. 281), viser kalkeringane som blei nytta.

No.	Calques	English source	Norwegian version
1	komme opp med	come up with	–
2	se ut for	look out for	se opp for
3	over og over igjen	over and over again	om og om igjen
4	i min mening	in my opinion	etter min mening
5	for nå	for now	–
6	stå ut	stand out	skille seg ut
7	møte med	meet with	møte
8	insistere + at	insist + that	insistere på + at
9	identifisere + med	identify + with	identifisere seg + med
10	stå opp for seg selv	stand up for oneself	–
11	dette er hvorfor	this is why	dette er årsaken til at
12	hva + infinitive	what + infinitive	hva + S + VFIN

Tabell 1. Kalkeringar i akseptabilitetstesten

Engelsktesten omfattar testar i grammatikk, vokabular og leseforståing (sjå vedlegg 2). Vokabulartesten legg opp til potensielle kalkeringar, då uttrykka frå akseptabilitetstesten er inkludert. Slik kan ein teste produksjon i tillegg til persepsjon og dermed sjå kor utbreidd kalkeringane er i faktisk språkbruk (Sunde & Kristoffersen, 2018, s. 285).

I min studie fekk informanten setningane i akseptabilitetstesten lesne opp over telefon. Ho rangerte setningane i eit skjema etter kvart som dei vart lesne opp. Kvar setning blei lest berre éin gong, slik at svaret blei mest mogleg intuitivt. Engelsktesten gjorde informanten for seg sjølv utan bruk av hjelpemiddel.

2.2 Informanten

Informanten i denne studien er balansert tospråkleg norsk-amerikansk. Ho har lært begge språk frå fødsel av, og er dermed simultant tospråkleg (Eide & Åfarli, 2019, s. 2).

Språkveksling er vanleg i denne familien, då norsk og amerikansk blir nytta om kvarandre. Først og fremst kjem det til uttrykk i kodeveksling, då dei vekslar på å seie setningar på norsk og amerikansk i ein samtale. I tillegg kjem det til uttrykk i setningsintern kodeveksling, då dei vekslar mellom uttrykkselement frå begge språka innanfor ei og same setning (Engen & Kulbrandstad, 2004, s. 69-70).

2.3 Styrkar og svakheitar med metoden

2.3.1 Utval

Sunde (2019, s. 57) påpeiker at eit viktig grep ved bruk av akseptabilitetsmetoden er å samle bedømming frå mange nok språkbrukarar. På grunn av omfanget til denne oppgåva, inneheld studien berre éin informant. Det kan difor tenkast at informanten ikkje er representativ for andre simultant tospråklege, mellom anna fordi det er variasjon i språkbruk i ulike familiar. Eg vil likevel anse funna som nyttige, då dei kan gi ei peikepinn for vidare forsking. Ein annan svakheit er at informanten til ein viss grad visste kva eg ville teste. I motsetnad til informantane til Sunde og Kristoffersen (2018), var min informant klar over at eg undersøkte språkblanding og korleis engelsk påverkar det norske språket. Dette kan ha påverka ho til å vere ekstra medviten engelske trekk i dei norske setningane, og ført til ei form for ønskelegheit i responsen der ho avkreftar setningar ho eigentleg kunne sagt fordi ho veit at det er «feil».

2.3.2 Metoden

Sunde (2019, s. 57) peikar vidare på nokre utfordringar med sjølve akseptabilitetstesten. For det første kan formuleringa og sanningsgehalten til setninga påverke om setninga blir akseptert eller ikkje. For det andre kan testsituasjonen påverke tilbøyeligheten til å akseptere setningane. I mitt tilfelle kor setningane blei lesne opp på telefon, kan sistnemnde vere ting som volum og dekning. At setningane blir lesne opp munnleg kan både vere ein styrke og svakheit, då informanten ikkje blir opphengt i språkreglar og rettskriving, samstundes som måten setninga blir lese på (tonefall eller trykk) kan påverke akseptabiliteten. Skalaen for aksept har ingen middelverdi, som gjer at deltakarane ikkje kan stille seg nøytralt. Dette er

gjort fordi det er antatt at deltarane har ein positiv eller negativ intuisjon om setningane (Sunde & Kristoffersen, 2018, s. 285).

Ein svakheit med engelsktesten er at slike testar ikkje klarer å fange opp «alle» aspekt ved engelskspråket. I tillegg testar den standard engelsk, medan det finst nokre dialektale variasjonar som påverkar grammatikken (t.d. Eide, 2016). Ein «feil» på testen kan difor vere riktig i talemålet. Den gir likevel eit samanlikningsgrunnlag mellom informantane og kan måle metaspråkleg medvite (sjå diskusjon).

2.4 Resultat

2.4.1 Akseptabilitetstesten

Informanten aksepterte tre av tolv kalkeringar på akseptabilitetstesten, som utgjer 25% (tabell 2).

Setning	Rangering	Akseptert
5. Han insisterte at jeg skulle arve pengene.	1	
7. Nå må du begynne å stå opp for deg selv.	4	*
15. Brua til fastlandet er stengt for nå.	3	*
20. Regjeringa har møtt med de andre partiene på Stortinget.	2	
29. Jeg kan godt identifisere med det hun forteller.	2	
34. Maria ante ikke hva å gjøre i Bergen.	1	
40. Jeg hørte på den samme sangen over og over igjen.	1	
48. Dette er hvorfor man bør ta tran.	4	*
54. Jeg er ikke vant til å stå ut i mengden.	1	
64. I min mening er dette helt feil.	2	
80. Kan du ikke komme opp med et bedre svar?	1	
98. Se ut for fare når du skal ut i jungelen.	1	
Totalt akseptert		3/12 (25%)

Tabell 2 - akseptabilitetstest

2.4.2 Engelsktesten

Informanten fekk 45 poeng av 46 moglege på engelsktesten, med éin feil på samsvar i grammatikkdelen. Dette vil seie høg engelskkompetanse etter Sunde og Kristoffersen si

klassifisering. På omsetjingsdelen kalkerte ho fire av tolv testsetningar, som utgjer 33% (tabell 3). Resultata frå omsetjingstesten er attgjevne nedanfor.

Engelsk setning/informanten si omsetjing	Testsetning(*) Kalkert (K)
1. <i>She acted as if she asked for it.</i> Hun oppførte seg som om hun ba om det.	
2. <i>This is why I don't eat sugar.</i> Dette er grunnen til at jeg ikke spiser sukker.	*
3. <i>Tina had to stress her point many times.</i> Tina måtte gjenta poenget hennes flere ganger.	
4. <i>Petter insisted that I had stolen his money.</i> Petter insisterte på at jeg hadde stjelt hans penger.	*
5. <i>The professors concluded that coffee is healthy.</i> Professoren konkluderte med at kaffe er sunt.	
6. <i>You have to register on the web page.</i> Du må registrere deg på nettsiden.	
7. <i>Nina could identify with Agata's sad story.</i> Nina kunne kjenne seg igjen i den triste historien til Agata.	*
8. <i>Trump has not met with Putin in person yet.</i> Trump har ikke møtt Putin i person enda.	*
9. <i>The tunnel is closed for now.</i> Tunellen er stengt for nå .	* K
10. <i>He commented on my new dress.</i> Han kommenterte på den nye kjolen min.	
11. <i>The girl stood out among her friends.</i> Jenta skilte seg ut blant vennene sine.	*
12. <i>He knew what to say to her.</i> Han visste hva han skulle si til henne.	*
13. <i>Can you help me read the instructions?</i> Kan du hjelpe meg å lese instruksene?	
14. <i>This is the best way to earn money.</i> Dette er den beste måten å tjene penger på.	
15. <i>Martin watched The Lion King over and over again.</i> Martin så "The Lion King" over og over igjen .	*K
16. <i>In my opinion, it is a very good movie.</i> Etter min mening var det en veldig god film.	*

17. <i>You must stand up for yourself.</i> Du må stå opp for deg selv.	*K
18. <i>Lisa tried out the new game.</i> Lisa prøvde det nye spillet.	
19. <i>She came up with a new idea.</i> Hun kom opp med en ny idé.	*K
20. <i>You must look out for sharks in the water.</i> Du må se deg for haier i vannet.	*
21. <i>My dog never wants to swim.</i> Hunden min vil aldri svømme.	
22. <i>Do you know where to buy tickets?</i> Vet du hvor vi får kjøpt billetter?	
Totalt akseptert	4/12 (33%)

Tabell 3 – omsetjingstest

3 Teori

3.1 Universalgrammatikken og Matras' repertoarteori

Chomskys teori om universalgrammatikken er ein viktig del av grunnmuren innanfor generativ grammatikk. Teorien går ut på at alle menneske er fødd med ein universal språkmodul som gjer oss i stand til å lære språk (Eide & Busterud, 2015, s. 24). Denne språkmodulen kan visualiserast som eit brytarpanel, kor brytarane, kalla parameter, står i nøytral posisjon når vi blir fødd. Kvart språk har ulik innstilling på parametrane, til dømes har nokre språk strukturen subjekt-verbal-objekt (SVO) i normalstruktur, medan andre er SOV-språk. Etter kvart som vi blir eksponert for språk, blir parametrane i panelet stilt inn til det språket vi blir eksponert for. Eit omdiskutert spørsmål er kva som skjer når vi kan fleire språk, og om vi då har fleire separate «brytarpanel» eller om vi justerer brytarane på eitt og same panel. Sagt på ein annan måte – har vi eitt felles språksystem, eller fleire separate? Spørsmålet vidare er om dette har noko å seie for språkblanding.

Lingvisten Yaron Matras nærmar seg dette spørsmålet i sin repertoarteori, der han forfektar synet om eitt språksystem. Teorien går ut på at det fleirspråklege individet har eit repertoar av språk, heller enn fleire avgrensa språksystem (Sunde, 2019, s. 33;42). Gjennom lingvistisk sosialisering lærer individet kva delar av repertoaret det skal bruke i ulike kontekstar (Sunde,

2019, s. 33). Dette skjer ved at individet høyrer språk og kommuniserer med ulike samtalepartnalar i ulike sosiale aktiviteter, arenaer og tema. Språkbrukaren assosierer ulike språklege trekk med desse situasjonane og lærer kva trekk ein skal nytte i ulike kontekstar. Reglane for kva som er kontekstpassande materiale er ein del av språkbrukaren sin kommunikative kompetanse. Ifølgje Matras (i Sunde, 2019, s. 42) er det fleirspråklege individet styrt av to motivasjonar når han skal produsere ytringar. For det fyrste ønskjer han å bruke alle tilgjengelege element i det lingvistiske repertoaret for å kunne uttrykkje seg så presist og effektivt som mogleg. For det andre må han tilpasse seg kontekst og mottakar ved å velje ut kva ord og konstruksjonar som er passande. Språkbrukaren har dermed ei utfordring med å undertrykkje trekk i repertoaret som ikkje passar til konteksten. På grunnlag av dette kan det oppstå språkblanding, som Matras altså forstår som utviskingen av skiljelinene i det språklege repertoaret (Sunde, 2019, s. 33).

Matras antar vidare at det ikkje er tilfeldig kva trekk som blir blanda (Sunde, 2019, s. 43). Han skil mellom *linguistic matter* (språkleg substans) og *linguistic patterns* (språklege mønster). Språkleg substans er leksikalske ord, eller fonologiske einingar med transparent tyding. Desse meiner han er relativt enkle å kontrollere og kople til riktig kontekst. Språklege mønster er derimot meir abstrakt og er ikkje under same kontroll som språkleg substans. Sidan språkbrukaren ønskjer å gjere nytte av heile repertoaret sitt, men tilpasse seg konteksten, er det difor dei språklege mønstera som ofte skin gjennom. Språkbrukaren kan bruke kontekstpassande ordformer, men konstruksjonar frå andre språk for å maksimere effektiviteten i språksituasjonen. Dette kallar Matras for ein kompromiss-strategi.

3.2 Kritisk periode for språkinnlæring og Ullmans minneteori

Ei viktig problemstilling innanfor generativ grammatikk er om det finst ein kritisk periode for språklæring. Eg skal i det følgjande vise til Eide & Busterud (2015, s. 40-43) si behandling av temaet. I forskinga er det brei semje om at språkinnlæring før 6-7-årsalderen fører til innfødd-lik og aksentfri kompetanse i målspråket. Puberteten blir rekna som ein kritisk periode for innlæring av grammatikk, morfologi og syntaks, medan meaning og pragmatikk kan bli lært langt inn i vaksen alder. Det verker altså som at språklæring blir vanskelegare til eldre ein blir, noko Johnson og Newport viser i sin *modningshypotese* frå 1989. Dei fann i sin studie at evna til å lære språk kan illustrerast med ei svakt fallande kurve frå sju-årsalderen.

Abrahamsson og Hyltenstam (2004) antar at denne nedgangen begynner allereie frå fødselen,

men at den ikkje er synleg før seks-sju-årsalderen. Dette har vist seg å også vere gjeldande for andrespråksinnlæring – til eldre du er når du begynner å lære eit språk, til vanskelegare er det.

Michael Ullman meiner tidspunktet for når du lærer eit språk også påverkar korleis det blir prosessert i hjernen (Ullman i Sunde, 2019, s. 45). I ei kognitiv tilnærming til språk blir det ofte gjort eit skilje mellom det mentale ordtilfanget (leksikonet) og den mentale grammatikken (Sunde, 2019, s. 45). Leksikonet består av leksikalske einingar, som ord, bundne morfem (til dømes fortidsaffikset *-a*) og idiomatiske (faste) uttrykk (til dømes *slå på stortromma*). Grammatikken er reglar, operasjonar og restriksjonar for komposisjon av leksikalske former til komplekse strukturar. Ullman koplar prosesseringen av desse to delane av språket til to minnesystem – det deklarative og det prosedurale (Sunde, 2019, s. 45). Det deklarative minnesystemet inneheld memorisert kunnskap, og her er i hovudsak leksikonet prosessert. Det prosedurale minnesystemet inneheld meir umedvitne ferdigheiter, og her er i hovudsak grammatikken prosessert. Dette skiljet finn Ullman at berre gjeld i fyrstespråksinnlæring og tidlig andrespråksinnlæring, etter teorien om kritisk periode for språkinnlæring. Han meiner at språklæring etter den kritiske perioden fører til at den grammatiske delen av språket i større grad blir prosessert i det deklarative minnesystemet (Ullman i Sunde, 2019, s. 45).

Sunde & Kristoffersen (2018) antar at kalkeringar i hovudsak kan reknast som ein del av grammatikken, noko dei finn støtte for i sin akseptabilitetsstudie. Dei fann at engelskkompetente vaksne deltakarar var mindre tilbøyelige for å akseptere engelske kalkeringar samanlikna med yngre engelskkompetante deltakarar, noko dei forklarte med at yngre deltakarar har lært dei engelske konstruksjonane tidlegare (Sunde, 2019, s. 47). Dermed ser det ut som yngre deltakarar i større grad prosesserer dei engelske konstruksjonane i det prosedurale minnet, medan eldre prosesserer dei i det deklarative minnet.

4 Analyse/diskusjon

4.1 Kalkeringar hos min tospråklege informant

4.1.1 Eit repertoar av norsk og engelsk

Sidan informanten min er simultant tospråkleg frå fødsel av, er begge språk lært før kritisk periode for språklæring. Ho skal difor ifølgje teorien ha morsmålslik kompetanse i begge

språka, noko språktesten gir støtte for. Den viser at ho har høg kompetanse i engelsk (utifrå Sunde & Kristoffersen (2018) sin klassifisering). Norskdugleikane er ikkje undersøkt, men då ho er vakse opp i det norske språksamfunnet, kan ein anta at desse er på høgde med engelskdugleikane. Sidan språka har vorte lært inn før kritisk periode, vil ein ut i frå Ullman sin teori anta at informanten har lagra leksikalske former i det deklarative minnet, og grammatikken i det prosedurale minnet. Desse formene utgjer, ifølgje Matras, til saman eit breitt språkleg repertoar beståande av tilnærma lik mengd språkleg substans og språklege mønster frå både norsk og engelsk.

Ifølgje Matras må ein fleirspråkleg aktivt undertrykke språkformer i repertoaret som ikkje passar til kontekst og mottakarar. Sidan engelsk og norsk blir nytta om kvarandre heime, treng ho ikkje undertrykke nokre språkformer her, då heile repertoaret er akseptert og forstått i konteksten. Dei språkformane som blir valt er dermed dei som er mest effektiv for kommunikasjonen. I møte med det norske språksamfunnet der norsk er hovudspråk, må ho derimot velje bort dei engelske formane. Matras seier at den språklege substansen er lettast å velje bort, medan språklege mønster oftare skin gjennom. Han meiner kalkeringar skjer når ein oppfyller kontekstkrava ved å nytte rette leksikalske former, men bruker «feil» grammatikk. Dette vil i tråd med Ullman vere særleg relevant for informanten min, som har lært begge språk før kritisk periode. Ho har grammatikken lagra i det prosedurale minnet, som er meir umedvitent og vanskelegare tilgjengeleg, medan leksikalske formar er meir medvitne og lettare å kontrollere. Kalkeringane observert i informanten sin spontane tale, presentert innleiingsvis, kan altså forklarast med at ho aktivt klarer å undertrykkje dei leksikalske engelske formene i tale med ein norsk person, men ikkje den engelske strukturen som er vanskelegare tilgjengeleg for medvita.

4.1.2 Testresultata – Større produksjon enn aksept av kalkeringar

På bakgrunn av forklaringa ovanfor, skulle ein anta at informanten min ville akseptere fleire kalkeringar i akseptabilitetstesten enn informantane til Sunde og Kristoffersen, då ho i mindre grad undertrykker engelske språkmønster. I resultata ser vi likevel at dette ikkje er tilfellet. Av dei tolv setningane som inneheldt kalkeringar, var det berre tre av dei (25%) som blei rangert som akseptert. Til samanlikning fann Sunde og Kristoffersen at gruppa med låg kompetanse aksepterte 72% av kalkeringane, gruppa med middels kompetanse aksepterte 60% og gruppa med høg kompetanse aksepterte 58% (Sunde & Kristoffersen, 2018, s. 288). Ho aksepterte altså 47% færre enn dei med lågast kompetanse og 33% færre enn dei med høgast

engelskkompetanse. Dette kan vi anta skuldast at ho har enda høgare kompetanse enn dei norske skuleelevane, fordi ho har engelsk som morsmål. Testen viser dermed det same mønsteret som Sunde og Kristoffersen fann – til høgare engelskkompetanse informanten har, til færre kalkeringar blir akseptert. Det er interessant med tanke på at min informant openbart har kalkeringar i sin språkbruk.

Sidan informanten produserer kalkeringar, kan det tenkjast at ho eigentleg er medviten at strukturane er feil når ho hører dei, men i tråd med Matras produserer ho dei sjølv i spontan tale fordi det er mest effektivt. Dette kan forklara med omgrepene *kompetanse* og *performanse* (Eide & Busterud, 2015, s. 50). Informanten har *kompetanse* om kva som er engelsk og kva som er norsk, men i spontan tale (*performansen*) kjem det ikkje fram fordi effektiviteten og det som er lettast tilgjengeleg i minnet «vinn fram». Performansen er dermed ikkje eit fullstendig bilet av kompetansen. Akseptabilitetstesten fangar berre opp den perceptive kompetansen, medan omsetjingstesten fangar opp det produktive og performative. Ein kan difor anta at informanten vil produsere fleire kalkeringar enn ho aksepterte, noko som viste seg å stemme. Ho kalkerte fire av dei tolv testsetningane i omsetjinga (33%), altså éin meir enn i akseptabilitetstesten. Til samanlikning fann Sunde og Kristoffersen ein generell trend at færre kalkeringar blei produsert enn akseptert, noko som gjaldt både elevgruppa og kontrollgruppene. Også her var det dei med lågast kompetanse som kalkerte mest (31%) og dei med høgast kompetanse som kalkerte minst (25%). Dette er altså eit interessant funn, då informanten min går i mot to trendar. For det fyrste produserer ho fleire kalkeringar enn ho aksepterer, for det andre har ho større prosentdel av produsert kalkeringar enn andre med høg kompetanse.

Forskjellane internt i elevgruppa forklarer Sunde og Kristoffersen (2018, s. 297) med språkleg medvite, definert som evna til å reflektere over regler og karakteristikkar ved eit språk. Dette er fordi halve språktesten inneheld grammatikktestar, der høge skårar kan vise medviten kunnskap om det engelske språksystemet. Høg metaspråkleg medvite har i tidlegare studiar vorte knytt til auka eksplisitt kunnskap om språket (Sunde & Kristoffersen, 2018, s. 297). Dermed vil grammatikken i større grad vere del av det deklarative minnet, som er lettare tilgjengeleg. Dei antar difor at informantane med høg språkkompetanse har større evne til å oppretthalde skiljelinjene mellom norske og engelske språkformer enn dei med lågare språkkompetanse (Sunde & Kristoffersen, 2018, s. 297).

Ifølgje Haukås (2014, s. 4) har tospråklege elevar større metalingvistisk kompetanse enn einspråklege. Dette kan forklare kvifor informanten aksepterte få kalkeringar i akseptabilitetstesten, då metaspråkleg medvite gjer at ho klarer å skilje ut dei engelske språkstrukturane. Det forklarer derimot ikkje kvifor ho viste fleire kalkeringar i omsetjingstesten, då ein skulle anta at metaspråkleg medvite ville gjort at ho omsette til norske uttrykk. Ei anna forklaring dei føreslår er at dei som skårar lågt på språktesten ikkje eigentleg forstår innhaldet i omsetjingssetningane, og difor omset ord-for-ord (Sunde & Kristoffersen, 2018, s. 297). Dette er heller ikkje tilfellet for min informant, då ho med morsmålslik kompetanse har stor forståing. Dette kjem også fram på forståingsdelen av språktesten, kor ho har full skåre.

Eit særleg interessant funn når ein samanliknar resultata på dei to testane er at det ikkje er dei same kalkeringane som blir akseptert og omsett. *Dette er hvorfor* blir til dømes gitt skåren 4 i akseptabilitetstesten, men same formulering i omsetjingsdelen blir omformulert til eit norsk uttrykk. På den andre sida blir *over og over igjen* gitt skåren 1 i akseptabilitetstesten, men blir kalkert i omsetjinga. *Komme opp med* blir produsert, men ikkje akseptert. *Stå opp for seg selv* blir derimot både fullt akseptert (skåre 4) og produsert. Det ser altså ut som kva som blir kalkert ikkje er basert på intuisjon om kva som er «god norsk», men kva ho klarer å oppdage som engelsk grammatikk. Dette kan henge saman med at ho til ein viss grad visste kva eg ville teste. Det kan tenkjast at ho leitte etter uttrykk som samsvarar med engelsk struktur i akseptabilitetstesten, og dermed avviste dei. I omsetjingstesten hadde ho derimot ikkje den norske versjonen tilgjengeleg. Fordi ho har både den engelske og norske grammatikken internalisert i det prosedurale minnet, vil den engelske strukturen vere lettast tilgjengeleg sidan ho ser den eksplisitt, og den blir vanskelegare å undertrykke. Dermed blir kalkering den mest effektive produksjonen, i tråd med Matras.

Eit anna interessant funn i omsetjingstesten er at det ser ut til å bli produsert fleire kalkeringar enn berre i testsetningane. Ho har omsett *commented on* til *kommenterte på* og *in person* til *i person* (sjå tabell 2). I norsk vil ein gjerne berre seie *kommenterte* og *personleg*. Dette kan også skuldast forklaringa over – fordi ho har den engelske grammatikken tilgjengeleg er denne vanskeleg å undertrykke og mest effektiv å overføre.

4.2 Overføring til det norske språksamfunnet

4.2.1 Eit tospråkleg Noreg – større balanse mellom norsk og engelsk i repertoaret

Sunde og Kristoffersen (2018, s. 295) fann at det er signifikant større aksept for kalkeringar blant elevgruppa i forhold til dei to kontrollgruppene, noko dei forklarer med at gruppene har vakse opp med ulik eksponering og tileigning av engelsk. Sjølv om min informant aksepterte færre kalkeringar, ser det likevel ut som ho har meir kalkeringar i språket sitt. Det kan støtte opp om hypotesen til Sunde (2019) om at auka kompetanse og eksponering fører til nye lån i språket vårt, då min informant viser høg kompetanse og er eksponert for engelsk både frå familien og eit anglisert Noreg frå tidleg alder.

Ein ikkje-balansert tospråkleg med norsk som fyrstespråk har eit språkleg repertoar som inneholder fleire norske enn engelske språkformer, og kontekstane der engelsk blir nytta er færre enn der norsk blir nytta. Auka språkkompetanse i engelsk vil derimot bidra til å jamne ut balansen, og dette er påverka av mengda eksponering og når eksponeringa skjer. Den auka engelskkompetansen vi ser i Noreg heng saman med at engelsk i større grad blir tileigna på fritida i tillegg til den formelle undervisninga i skulen (Brevik & Hellekjær, 2018, s. 82). Til dømes blir barn og unge eksponert for engelsk gjennom nettsurfing, tv-tutting, musikk og online dataspel. Kontrollgruppene til Sunde og Kristoffersen har stort sett vakse opp med formell engelskopplæring og lite eksponering på fritida. Elevgruppa har i tillegg til formell opplæring opplevd den enorme auken i engelsk i språksamfunnet som har skjedd på starten av 2000-talet, og dei har dermed både uformell og formell opplæring i språket før kritisk periode for språklæring. Basert på teorien til Ullman vil dette bety at andrespråket i større grad vil lagre seg i det prosedurale minnesystemet, der det er meir umedvitent og automatisk. Andrespråket blir dermed i større grad prosessert på same måte som morsmålet, og det språklege repertoaret blir større, med meir balanse mellom engelske og norske former.

Sidan samfunnet blir stadig meir anglisert, kan ein tenkje seg at yngre språkbrukarar vil ha eit endå meir balansert repertoar enn informantane til Sunde og Kristoffersen. Dette blir støtta av ein artikkel publisert i NRK som viser at engelsk blir brukt hyppig i uformelle settingar blant elevar heilt ned på 4.trinn, og at dette påverkar den norske setningsstrukturen deira. Ungdomsskulelærarar ser at det påverkar norskkarakteren (Korsnes et al., 2021). Dei som blir fødd i dag vil truleg vakse opp i eit språksamfunn kor engelsk er endå meir integrert i

samfunnet og folk er endå meir engelskkompetente, og vi kan anta at det språklege repertoaret deira blir endå meir likt som hos min informant.

4.2.2 Spreiing og etablering av kalkeringar i det norske språket

Sunde (2019, s. 38) viser til Thomason og Kaufman sin lånskala som seier at mengd lån frå eit språk aukar proporsjonalt med graden av kontakt. Dei meiner at strukturelle endringar i mottakarspråket kan oppstå ved intensiv tospråklighet og langvarig kulturell dominans frå eit anna språk. Over har vi sett at dette er tilfellet i det norske språksamfunnet. Dette kan knytast til Matras si forventing om at kalkeringar blir akseptert når samtalepartnar forstår dei (Sunde, 2019, s. 44). Fordi vi har eit språksamfunn kor dei fleste har eit repertoar beståande av både engelsk og norsk, er det ikkje naudsynt å vere så streng med å oppretthalde dei språklege skiljelinjene for å bli forstått. Det er også mest effektivt å sleppe å undertrykke det første ein kjem på. Vidare føreslår Sunde og Kristoffersen (2018, s. 280) at sjansen for at engelske kalkeringar skal bli etablert i det norske språket aukar når samtalepartneren har tileigna seg den engelske konstruksjonen kalkeringen byggjer på. Når fleire slike kalkeringar blir nytta og akseptert, kan dei spreie seg og bli etablert i det norske språket (Sunde og Kristoffersen, 2018, s. 280). Dette meiner Matras kan bli forstått som ein permanent heving av avgrensinga i val av ordform eller struktur frå repertoaret (Sunde, 2019, s. 33).

Vi har sett at min informant produserer kalkeringar som ikkje er etablert i det norske språket, som *snakke det ut* og *ha songen fast på hovudet*. Sidan ein stadig større del av befolkninga i det norske språksamfunnet har dei engelske konstruksjonane i sitt repertoar, vil kalkeringane bli forstått og akseptert. Dette kan ein tenkje blir gjort umedvitent, då engelsk er lagra i det prosedurale minnet hos dei fleste yngre tospråklege. Dette kan føre til at kalkeringane blir produsert vidare, og til slutt etablert i språket om det blir nytta mange nok gonger. Sidan yngre språkbrukarar har ein stadig større del engelsk i sitt språklege repertoar og dermed ikkje treng vere så streng med å oppretthalde skiljelinene mellom norsk og engelsk, kan dei også produsere nye kalkeringar slik som min tospråklege informant. Kommunikasjonen mellom norske språkbrukarar kan dermed samanliknast med den informanten min har heime, kor det ikkje er naudsynt å oppretthalde skiljelinjene i repertoaret for effektiv kommunikasjon. Dette kan føre til fleire kalkeringar i det norske språket.

5 Oppsummering og avslutning

Innleiingsvis presenterte eg problemstillinga *Korleis kan intensiv eksponering for engelsk i tidleg alder føre til auka aksept og bruk av kalkeringar?* Bakgrunnen for oppgåva var Sunde og Kristoffersen (2018) sin akseptabilitetsstudie, som viste at yngre språkbrukarar aksepterer og produserer fleire kalkeringar enn eldre språkbrukarar. Samstundes fann dei at yngre med høg engelskkompetanse nytta færre kalkeringar enn dei med låg engelskkompetanse.

Eg har svart på problemstillinga ved å fokusere på ein simultant, balansert tospråkleg i hovudsak. Grunnen til dette er at ho har vorten intensivt eksponert for engelsk sidan fødsel, ho har openbart høg kompetanse i språket, men viser likevel mykje kalkeringar i spontan tale. Ved hjelp av metodane henta frå Sunde og Kristoffersen (2018) fann eg at i forhold til informantane deira, aksepterte ho færre kalkeringar, men produserte fleire. Dette kan forklarast med at begge språk blei tileigna før kritisk periode for språkinnlæring, slik at språka blir prosessert likt i hjernen. Dette er ifølgje Ullman ulikt dei som lærer språket seinare.

Språka utgjer eit repertoar beståande av omrent like mange former frå kvart språk, og ho har god kompetanse i begge. I kommunikasjon må ho velje dei språkformene som er mest effektive, samstundes som ho ønskjer å bruke heile repertoaret. Grammatikk er vanskelegare å kontrollere og er meir automatisk enn ordformer, og dermed bruker ho norske ordformer med engelsk grammatikk. Dette kjem til uttrykk i kalkeringar. Ho har altså *kompetanse* om kva som er norsk språk, men engelsk blandar seg inn i *performansen*. Dette kan forklare kvifor ho produserer fleire kalkeringar enn ho aksepterer.

Vidare er desse funna interessant for språksamfunnet meir generelt, då det norske språksamfunnet ser ut til å bli stadig meir tospråkleg. Eg har argumentert for at det språklege repertoaret til dei som blir fødd inn i det norske samfunnet blir meir likt ein simultant, balansert tospråkleg. Ein kan difor anta at fleire kalkeringar vil bli produsert. Fordi desse blir forstått av språkbrukarane, blir dei akseptert, og dei kan dermed bli spreidd vidare og etter kvart bli etablert i norsk.

Det er likevel behov for meir forsking på feltet, då metoden i denne oppgåva har svakheiter som gjer det vanskeleg å trekke generaliserande konklusjonar. Eg har berre éin informant, og då det er variasjonar i korleis to språk blir nytta i ein tospråkleg familie, er det ikkje sikkert ho er representativ for simultant og balansert tospråklege som gruppe. Vidare kan det verke som ho har blitt påverka av at ho til ein viss grad visste kva eg ville teste. Eit anna poeng er at

norsk framleis er i stor overvekt i det norske språksamfunnet, og like intensiv engelskeksponering som min språkbrukar opplever er nok ikkje realistisk med det fyrste. I tillegg er denne oppgåva i hovudsak basert på Sunde (2019) si tilnærming til problematikken, og andre perspektiv kan vere fruktbare for å undersøke problemstillinga nærmare. Eg meiner likevel at funna kan vere av interesse, då dei bidreg til å støtte opp om hypotesen om at auka eksponering og kompetanse fører til fleire kalkeringar og kan auke forståinga for kvifor dette skjer. Mine funn kan slik vere til inspirasjon for vidare forsking på temaet.

Referanseliste

- Brevik, L. M. & Hellekjær, G. O. (2018). Outliers: Upper secondary school students who read better in the L2 than in L1. *International Journal of Educational Research*, 89, 80-91.
doi: <https://doi.org/10.1016/j.ijer.2017.10.001>
- Eide, K. M. & Åfarli, T. A. (2019). Norsk som andrespråk. I H. Brøseth, K.M. Eide & T.A. Åfarli (red), *Språket som system: Norsk språkstruktur*. Fagbokforlaget.
- Eide, K.M. & Busterud, G. (2015). Kompetanse og performanse: Kunnskap og produksjon. I K.M. Eide (red). *Norsk som andrespråkssyntaks* (s. 19-57). Novus Forlag.
- Eide, K. M. (2016). Finiteness, inflection, and the syntax your morphology can afford. I K.M. Eide (Red.) *Finiteness Matters: On finiteness-related phenomena in natural languages* (s. 121-168). John Benjamins publishing company.
- Haukås, Å. Metakognisjon om språk og språklæring i et flerspråklighetsperspektiv. *Acta Didactica Norge*, 8(2), 1-16. doi: 10.5617/adno.1130
- Korsnes, M.K, Bringsvor, B. & Sandnes, Ø. (2021, 17.mai). Når fint blir Nice. *NRK*.
https://www.nrk.no/mr/xl/marta-aspehaug-snakkar-engelsk-med-norske-vener_laerarar-er-bekymra-for-det-norske-spraket-1.15479901
- Sunde, A. M. (2018). A typology of English borrowings in Norwegian. I *Skjult påvirkning: Tre studier av engelskpåvirkning i norsk* [Doktorgradsavhandling], (s. 136-205). Norges teknisk naturvitenskapelige universitet.
- Sunde, A.M. & Kristoffersen, M. (2018). Effects of English L2 on Norwegian L1. *Nordic Journal of Linguistics*, 41(3), 275-307. doi:
<https://doi.org/10.1017/S0332586518000070>
- Sunde, A.M. (2019). Kontekst og tidligere studier. I *Skjult påvirkning: Tre studier av engelskpåvirkning i norsk* [Doktorgradsavhandling], (s. 5-20). Norges teknisk naturvitenskapelige universitet.
- Engen, T. O. & Kulbrandstad, L. A. (2004). *Tospråklighet, minoritetsspråk og minoritetsundervisning*. Gyldendal.

Vedlegg**Vedlegg 1 - akseptabilitetstest****Akseptabilitetsvurderingstest**

T	Testsetning
Ø	Øvrig testsetning (som ikke inngikk i analysen, jf. kapittel 4.2.2.2)
KA	Kontrollsetning akseptabel (jf. kapittel 4.2.4)
KU	Kontrollsetning uakseptabel (jf. kapittel 4.2.4)
<i>Øvrige fylsetninger er fordelt på akseptable og uakseptable setninger.</i>	

Nr.	Setning	Setningstype
1	Det norske kvinnelandslaget har dårlig lagmoral.	KA
2	Foreløpig antas Marit å ha stjålet pengene.	
3	Løva fortære og fortære, men blei ikke mett.	
4	Jeg har visst kjøpt katta i sekken.	
5	Han insisterte at jeg skulle arve pengene.	T
6	Du må ta også skjerpe deg ganske kraftig.	
7	Nå må du begynne å stå opp for deg selv.	T
8	Petter var på fest lenger enn til midnatt.	
9	Hvilken stasjon er det som ligger nærmest flyplassen?	KA
10	Dette er den mest effektive måten å bli rik.	Ø
11	De ideene sjefen min ga meg, var svært verdifulle.	
12	Det blei snodd utrolig mye den natta.	KU
13	Katta liker ikke aldri å bli klødd.	
14	Vi var kjørende til Tromsø for å handle.	
15	Brua til fastlandet er stengt for nå.	T
16	Jeg lurte og lurte på hva jeg skulle ha til middag.	
17	Hun besvimte i tre timer.	
18	Flere folk har vært i Russland enn jeg har.	
19	Jeg sto der i villrede og hørte pulsen slå.	
20	Regjeringa har mott med de andre partiene på Stortinget.	T
21	Han drakk et glass vann, men stoppa halvveis.	
22	Jeg trives bedre på fjellet enn i skogen.	KA
23	Vi har stresset dette problemet på mange møter.	Ø
24	I dag så er det to år siden jeg gifta meg.	
25	Brus likte Stian Anne fordi hun drakk	
26	Han fikk ikke noe igjen for å være dumsnill.	
27	Det blei dessverre oppstått en brann her i går.	KU
28	Søstera mi må ha alt inn med teskje.	
29	Jeg kan godt identifisere med det hun forteller.	T
30	Han spankulerte en søndagstur i parken.	
31	Langt, lyst hår liker du jenta som har.	
32	Tenåringer bryr seg katta om grammatikk.	
33	Friske blomster lukter parfymen din som.	
34	Maria ante ikke hva å gjøre i Bergen.	T
35	Det går mot en rekordtidlig multebærsesong.	
36	Enten så er Gørjan våken.	
37	Journalister løper terroristene sitt ærend.	

38	Karmen til vinduet har behov for en vask.	
39	Det var på hengende håret at vi kom med flyet.	
40	Jeg hørte på den samme sangen over og over igjen.	T
41	Susanne faktisk elsker å gå til tannlegen.	Ø
42	Moskva vil jeg dra til og besøke.	
43	De var røykende og drukkende hele natta.	
44	Vi gikk på postkontoret for å sende.	
45	Australia kommer jeg aldri til å glemme turen til.	
46	Mamma bar vann og pappa bærte ved.	
47	Du er bra tett i skolten hvis du tror på nissen.	
48	Dette er hvorfor man bør ta tran.	T
49	Jeg ligger nøklene på bordet.	KU
50	Martin satt og skrålte i vilden sky.	
51	Mon tro hva presten sa da bruden sa nei.	
52	Huset brant helt opp.	
53	Huset brant helt ned.	KA
54	Jeg er ikke vant til å stå ut i mengden.	T
55	Jeg aksepterer deg å synge hvis du synger lavt.	
56	Jeg har nulltoleranse i forhold til rasisme.	
57	Det blei sykla på veien av mange barn.	
58	Jeg har aldri møtt noen som henne tidligere.	
59	Marius hørte de andre guttene snakke om seg.	
60	Send meg kopi av kvitteringa når du har registrert.	Ø
61	Han hadde ofte ikke sett henne.	
62	I dag så har jeg kjøpt på internett.	
63	Jeg fikk meg en trøkk i fleisen.	
64	I min mening er dette helt feil.	T
65	Tor dansa Kristin ut av rommet.	
66	Vi så vakta låste porten.	
67	Lise likte ikke det hun hørte andre si om seg selv.	
68	Det er vanlig at folk tar feil av søstera mi og meg.	KA
69	Jeg har virkelig ikke tid for barn.	Ø
70	Helle bare antok uten å høre med meg først.	
71	Han gjorde seg til spott og spe under forestillinga.	
72	Anbefalt daglig inntak av D-vitamin er 7 mikrogram	
73	Jon spiste ostekake på fredag i kantina med gaffel.	
74	Hva du driver med legger jeg meg ikke opp på.	
75	Sitt gadd hun ikke vaske håret.	KU
76	Lars fikk et snev av angst når han skulle ut og fly.	
77	Forskerne konkluderer at medisinen har god effekt.	Ø
78	I fjor sommer har jeg vært i Frankrike.	
79	Hun sprang kjempefort, men det gikk sakte.	
80	Kan du ikke komme opp med et bedre svar?	T
81	Jeg aldri har prøvd å spille tennis.	KU
82	Astrid la seg i selen for å bli bedre i fotball.	
83	Hvor mye fisk sa du hvilken mann Silje ga?	KU
84	Alt i alt gikk det henne godt.	
85	Ønsker du å kommentere på denne saken?	Ø

86	Lone så seg selv hoppe fra stupet.	
87	Til tross for advarslene steg han uti vannet.	
88	Det blei landa et fly på Gardermoen i kveld.	
89	Hvordan kan vi hjelpe foreninga bli bedre?	Ø
90	Hvem buss skal du ta opp til hallen i dag?	
91	Det gikk nettopp opp et lys for meg.	
92	Knut nøys Marit en kjærlighetssang.	
93	Du må prøve ut den nye Grandiosaen	
94	Steinar dro til Marit i firetida.	KA
95	Steinar dro til Marit midt i fjeset.	
96	Deg må du skynde!	
97	Denne uka var jeg i svømmehallen tre ganger.	
98	Se ut for fare når du skal ut i jungelen.	T
99	Ofte kom mannen på besøk bare én gang.	
100	Endelig er denne testen ferdig.	



Del 1: Akseptabilitetsvurdering

Deltakernummer: _____

Bedømmingsskala:

- 1: IKKE OK (Dette går ikke an å si)
- 2: IKKE HELT OK (Det er kanskje noen som sier det, men jeg kunne ikke sagt det)
- 3: LITT RAR, MEN OK (Litt spesiell, men dette sier vel folk, og jeg kan også si det)
- 4: HELT OK (Dette er ei vanlig, velforma setning)

Setningsnummer:

1.	1	2	3	4
2.	1	2	3	4
3.	1	2	3	4
4.	1	2	3	4
5.	1	2	3	4
6.	1	2	3	4
7.	1	2	3	4
8.	1	2	3	4
9.	1	2	3	4
10.	1	2	3	4
11.	1	2	3	4
12.	1	2	3	4
13.	1	2	3	4
14.	1	2	3	4
15.	1	2	3	4

Vedlegg 2 - språktest**Undersøkelse 2: Engelsk****Deltakernummer:** _____**Del 1 av 5: Hva skal inn?***Eksempel:*

Tina b. to dance.
a. like
b. likes
c. liking
d. is like

1. Mark ____ in the library this morning.
 - a) study
 - b) are studying
 - c) is studying
 - d) studying

2. Alicia, ____ the window, please. It's too hot in here.
 - a) opens
 - b) open
 - c) opened
 - d) will open

3. Eli's hobbies include jogging, swimming, and ____.
 - a) to climb mountains
 - b) climb mountains
 - c) to climb
 - d) climbing mountains

4. Who is ____, Maria or Alexander?
 - a) tallest
 - b) tall
 - c) taller
 - d) the tallest

5. Each of the Olympic athletes ____ for months, every year.
 - a) have been training
 - b) were training
 - c) has been training
 - d) been training

6. The company will upgrade ____ computer information systems.
 - a) there
 - b) their
 - c) it's
 - d) its

7. You were ____ your father before 2 p.m.
 - a) suppose to call
 - b) supposed to call
 - c) supposed calling
 - d) supposed call

8. When I graduate from college next June, I ____ a student here for five years.
 - a) will have been
 - b) have had been
 - c) has been
 - d) will have

9. I didn't ____ TV last night.
 - a) not watched
 - b) watch
 - c) watching
 - d) watched

10. How much time do you spend ____ English?
 - a) study
 - b) studying
 - c) to study
 - d) studied

11. You should ____ my advice.
 - a) take
 - b) listen
 - c) do
 - d) done

12. A lot of products ____ in China.
- a) are made
 - b) made
 - c) are maked
 - d) is made
13. If I ____ earlier, I wouldn't have been late for work.
- a) left
 - b) was leaving
 - c) have left
 - d) had left
14. There were ____ of people at the football match on Friday.
- a) a great deal
 - b) fifty
 - c) many
 - d) hundreds
15. Are you looking forward ____ your new job?
- a) to start
 - b) to starting
 - c) starting
 - d) in starting

Del 2 av 5: Hva skal ut?

Eksempel:

The little dog didn't want to eaten.

- a. the
- b. dog
- c. want
- d. eaten X

1. The majority to the news is about violence or scandals.
- a. the
 - b. to
 - c. news
 - d. violence

2. When our vacation, we plan to spend three days scuba diving.
 - a. when
 - b. plan
 - c. days
 - d. diving
3. Mr. Berg does not take critical of his work very well.
 - a. does
 - b. critical
 - c. his
 - d. well
4. Kim and Martin send e-mail messages to other often.
 - a. and
 - b. send
 - c. other
 - d. often
5. I had a enjoyable time at the party last night.
 - a
 - time
 - at
 - last
6. Jim and Elena has been married for over 20 years now.
 - has
 - married
 - over
 - now
7. Each day after school, Kevin run five miles.
 - each
 - after
 - run
 - miles
8. He goes never to the company softball games.
 - never
 - the
 - softball
 - games

9. Do you know the student who books were stolen?
a. do
b. know
c. who
d. were
10. John will spend his vacation either in Singapore nor the Bahamas.
a. will
b. his
c. nor
d. the
11. I told the salesman that I was not interesting in buying the latest model.
a. told
b. that
c. interesting
d. buying
12. Anne and Mike really likes going to the gym.
a. really
b. likes
c. going
d. the
13. Excuse me, Sir. Is this you're bag?
a. excuse
b. is
c. this
d. you're

Del 3 av 5: Hva skal inn?

1. The bus ____ arrives late during bad weather
a. every week
b. later
c. yesterday
d. always

2. Do you ____ where the nearest grocery store is?
 - a. now
 - b. no
 - c. know
 - d. nowe
3. Jerry Seinfeld, the popular American comedian, has his audiences ____.
 - a. putting too many irons in the fire
 - b. keeping their noses out of someone's business
 - c. rolling in the aisles
 - d. going to bat for someone
4. The critics had to admit that the ballet ____ was superb.
 - a. profession
 - b. performance
 - c. perforce
 - d. performable
5. Peter says he can't ____ our invitation to dinner tonight.
 - a. access
 - b. accelerate
 - c. assess
 - d. accept
6. We were ____ friends in that strange but magical country.
 - a. upon
 - b. among
 - c. toward
 - d. in addition to
7. The hurricane caused ____ damage to the city.
 - a. extensile
 - b. extended
 - c. extensive
 - d. extension
8. Many cultures have special ceremonies to celebrate a person's ____ of passage into adulthood.
 - a. right
 - b. rite
 - c. writ
 - d. write

9. Mary will ____ members to the Christmas party committee.
- a. appoint
 - b. disappoint
 - c. appall
 - d. appeal
10. Mr. Smith requests that someone ____ the letter immediately.
- a. sent
 - b. sends
 - c. send
 - d. to send

Del 4 av 5: Oversett til norsk

1. She acted as if she asked for it.
2. This is why I don't eat sugar.
3. Tina had to stress her point many times.
4. Petter insisted that I had stolen his money.
5. The professors concluded that coffee is healthy.
6. You have to register on the web page.
7. Nina could identify with Agata's sad story.
8. Trump has not met with Putin in person yet.
9. The tunnel is closed for now.
10. He commented on my new dress.
11. The girl stood out among her friends.
12. He knew what to say to her.
13. Can you help me read the instructions?

14. This is the best way to earn money.
15. Martin watched The Lion King over and over again.
16. In my opinion, it is a very good movie.
17. You must stand up for yourself.
18. Lisa tried out the new game.
19. She came up with a new idea.
20. You must look out for sharks in the water.
21. My dog never wants to swim.
22. Do you know where to buy tickets?

Del 5 av 5: Les tekst og svar på spørsmål

Text 1: The Tour

Spend ten romantic days enjoying the lush countryside of southern England. The counties of Devon, Dorset, Hampshire, and Essex invite you to enjoy their castles and coastline, their charming bed and breakfast inns, their museums and their cathedrals. Spend lazy days watching the clouds drift by or spend active days hiking the glorious hills. These fields were home to Thomas Hardy, and the ports launched ships that shaped world history. Bed and breakfasts abound, ranging from quiet farmhouses to lofty castles. Our tour begins August 15. Call or fax us today for more information 1-800-222-XXXX. Enrollment is limited, so please call soon.

- A. Which of the following counties is not included in the tour?
 - a. Devon
 - b. Cornwall
 - c. Essex
 - d. Hampshire

- B. How many people can go on this tour?
- a. 10
 - b. An unlimited number
 - c. 2-8
 - d. A limited number
- C. What can we infer about this area of southern England?
- a. The region has lots of vegetation
 - b. The coast often has harsh weather
 - c. The sun is hot and the air is dry
 - d. The land is flat

Text 2: Staff meeting

Date: May 16, 1998
To: Megan Fallerman
From: Steven Roberts
Subject: Staff Meeting

Please be prepared to give your presentation on the monthly sales figures at our upcoming staff meeting. In addition to the accurate accounting of expenditures for the monthly sales, be ready to discuss possible reasons for fluctuations as well as possible trends in future customer spending. Thank you.

- A. The main focus of the presentation will be:
- a. Monthly expenditures
 - b. Monthly salary figures
 - c. Monthly sales figures
 - d. Staff meeting presentations
- B. Who will give the presentation?
- a. The company president
 - b. Megan Fallerman
 - c. Steven Roberts
 - d. Future customers

Text 3: Announcement

Anna Szewczyzk, perhaps the most popular broadcaster in the news media today, won the 1998 Broadcasting Award. She got her start in journalism as an editor at the *Hollsville County Times* in Missouri. When the newspaper went out of business, a colleague persuaded her to enter the field of broadcasting. She moved to Oregon to begin a master's degree in broadcast journalism at Atlas University. Following graduation, she was able to begin her career as a local newscaster with WPSU-TV in Seattle, Washington, and rapidly advanced to national television. Noted for her quick wit and trenchant commentary, her name has since become synonymous with *Good Day, America!* Accepting the award at the National Convention of Broadcast Journalism held in Chicago, Ms. Szewczyzk remarked, "I am so honored by this award that I'm at a total loss for words!" Who would ever have believed it?

- A. What is the purpose of this announcement?
 - a. To invite people to the National Convention of Broadcast Journalism
 - b. To encourage college students to study broadcasting
 - c. To recognize Ms. Szewczyzk's accomplishments
 - d. To advertise a job opening at the *Hollsville County Times*
- B. The expression "to become synonymous with" means
 - a. To be the same as
 - b. To be the opposite of
 - c. To be in sympathy with
 - d. To be discharged from
- C. What was Ms. Szewczyzk's first job in journalism?
 - a. She was a TV announcer in Washington.
 - b. She was a newscaster in Oregon.
 - c. She was an editor for a newspaper in Missouri.
 - d. She was a talk show host in Chicago.

